



## Møteinkalling

**Utval:** Fitjar sokneråd

**Møtestad:** Fitjar rådhus, kyrkjekontoret

**Dato:** Torsdag 19. april 2018

**Tid:** Kl. 18.30

Forfall må meldast til kyrkjeverje Harald Rydland på e-post eller tlf. 913 47 802.

Peder Rygg Drønen møter som fast vara. Andre varamedlemer møter kun etter særskild innkalling.

### Innkallinga er sendt til:

| Namn                      | Funksjon                         |
|---------------------------|----------------------------------|
| Sigrid Marie Fangel       | Leiar                            |
| Gunnvald Aarbø            | Nestleiar                        |
| Helga Olsen Aadland       | Medlem <b>N.B. Ord for dagen</b> |
| Terje Havro               | Medlem                           |
| Mette E. Lambach          | Medlem                           |
| Bodil Nesse               | Medlem                           |
| Rasmus Fitjar             | Medlem                           |
| Sindre Aarbø              | Medlem                           |
| Fridleif Lydersen         | Sokneprest                       |
| Sigurd Andre` Maraas      | Kommunal representant            |
| Peder Rygg Drønen         | 1. varamedlem                    |
| Arne Prestbø              | 2. varamedlem                    |
| Solbjørg Larsen Tverderøy | 3. varamedlem                    |
| Tove Helen Løland Aarskog | 4. varamedlem                    |
| Åse Rygg H. Nøttveit      | 5. varamedlem                    |
| Svein Arne Theodorsen     | Vara for soknepresten            |
| Agnar Aarskog             | Vara for kommunal representant   |

Fitjar, 12. april -2018

Sigrid Marie Fangel Harald Rydland

Soknerådsleiar Kyrkjeverje

### Sakliste:

| Saksnr. | Tittel                        | Sak for communal representant |
|---------|-------------------------------|-------------------------------|
| S-19/18 | Arrangement i kyrkja sin regi |                               |
| S-20/18 | Årsplan for kyrkjelyden       |                               |
| S-21/18 | Nytt trussamfunn              |                               |
| S-22/18 | Referat frå sist møte         |                               |
| S-23/18 | Meldingssaker                 |                               |
| S-24/18 | Open post                     |                               |



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

**Sak 19/18: Arrangement i kyrkja sin regi**

Framover er det fleire arrangement i kyrkja og soknerådet sin regi som skal gjennomførast. Her kan me nemne trusopplæringstiltak, konfirmantfest, konfirmasjon m.m. Det er bra om soknerådet går gjennom status for planlegging og gjennomføring av arrangementa. Det kan og vera greitt om soknerådet tek ein kort gjennomgang av nokre av dei arrangementa som har funne stad sidan sist møte, slik som tårnagenthelg, årsmøte m.m.

**Framlegg til vedtak:**

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka.

**Sak 20/18: Årsplan for kyrkjelyden**

På førre møte starta soknerådet så smått å sjå på korleis ein kan leggja opp arbeidet med å få på plass ein tenleg årsplan for kyrkjelyden. Medlemane vart oppmoda til å sjå nærmare på saka til neste møte, og til å tenkja over om det er nokre særlege område innar kyrkjelydsarbeidet ein har lyst å engasjera seg ekstra.

Utkast til plandokument vart lagt som vedlegg til saka i innkallinga for førre soknerådsmøte.

Soknerådsleiaren ynskjer at ein arbeider vidare med planen på dette møtet.

**Framlegg til vedtak:**

Det vert ikkje lagt fram tilråding til vedtak i saka.

**Sak 21/18: Nytt trussamfunn i Fitjar**

Hausten 2017 vart IMF Fitjar etablert som nytt trussamfunn. Forsamlinga annonserer at dei har møte på Osternes Bedehus kvar sundag kl. 11.00. Soknerådsleiaren har fått mange spørsmål og kommentarar som går på korleis kyrkja og soknerådet skal forhalda seg til dette. På bakgrunn av det er det ynskjeleg at soknerådet tek saka opp til drøfting.

**Framlegg til vedtak:**

Det vert ikkje lagt fram tilråding til vedtak i saka.

**Sak 22/18: Referat frå sist møte**

Referatet frå møte den 22. mars 2018 har medlemene fått tilsendt og godkjent tidlegare. Det endelige referatet er å finna på heimesida til Fitjar kyrkje. Denne lenka fører fram til referatet: <https://kyrkja.no/globalassets/fellesrad/fitjar/diverse/motereferat-s2--22032018.pdf>

**Framlegg til vedtak:**

Soknerådet stadfester referatet frå møte den 22. mars 2018.

**Sak 23/18: Meldingssaker**

I møtet vil det bli orientert om desse sakene:

1. Status for tilsetjing i ledige stillingar
2. Vårdugnad på kyrkjegarden 21. og 28. april

**Framlegg til vedtak:**

Soknerådet tek meldingane til orientering

**Sak 24/18: Open post**